

Får fritak frå buplikt på Kroka

20.06.2009

Oddbjørn Kroka, som bur i Uskedalen, får fritak frå buplikt på Kroka i Mauranger hvis innstillinga frå rådmannen blir vedteke i forvaltningskomiteen onsdag til veka.

Vilkåret er at jorda vert driven og bruket er med på fellestiltak i skogen.

Rådmannen går også inn for at Kroka skal få byggja inntil 1.000 meter ny traktorveg frå tunet og opp til kote 320.

Oddbjørn Kroka overtok eigedomen etter foreldra på dette vilkåret: Han skulle busetje seg på bruket innan eit år frå overtakinga som var 21. august 2007. Seinare fekk han tre års utsettjing på buplikt.

Føresetnad for søknaden om fritak er at eigedomen er liten med låg innteningsevne på bruket. Frå kommunen si side må ein og ta hensyn til at krav om buplikt også vil medføra at ein får ansvar for sikker skuletransport. Vegen ned til fjorden er svært bratt og det kan setja store krav til transporten, særleg på vinterstid.

Det kan og i periodar gjera det vanskeleg for dei som bur på bruket å delta i ulike aktivitetar. Eit krav om fast buplikt kan såleis føra med seg krav til kommunen.

Oddbjørn Kroka bruker mykje tid på Kroka. Han driv med utleige og har no bygt eit minikraftverk. Området er svært brattlendt og ressursgrunnlaget sett i samanheng med tradisjonelt landbruk er svært lite. Det manglar og driftsbygningar, påpeikar sakshandsamaren.

Av Ola Matti Mathisen